



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Aure kommune

Molde, 19 sept. 2022

Høyring – søknad om utviding av settefiskanlegg Nordheim i Aure kommune

Vi viser til utsending med høyring av søknad om endring av tillatelse for oppdrett av settefisk av laks, ørret og regnbueørret for lokaliteten Nordheim, Imarsundet i Aure kommune.

FNF Møre og Romsdal ser at det er ein del fordeler med å flytte oppdrettsnæringa på land om ein sett dei rette vilkåra for drifta. For å vurdere fordelene opp mot ulempene saknar vi i denne søknaden ei vurdering av energibruken, konsekvensane for vassdragsnaturen, korleis reinse utsleppet betre og korleis ein nyttegjær seg gjødsla produsert i anlegget.

Søknaden gjelder utviding av konsesjonen M-T-5 lokalitet 12474 med 5000 tonn, dvs søknad om auke av total produksjon på lokaliteten frå 4000 til 9000 tonn. Søknaden er sagt å gjelde settefisk/smolt. Med estimert snittvekt på smolt på 750 g så tenderer dette matfisk og ikkje smoltstorleik sett ut frå allmenn naturkunnskap.

Vi les at søkjaren meiner at sjølv om auke i biomassen er vesentleg (over dobling) så vil vannbruk ligge godt innenfor eksisterende konsesjon fra NVE på gjennomsnittlig 8 m³/min over året og maksimalt 22 m³/min i juli. Skildringa av resirkuleringa og utnyttinga av ferskvatnet er jo imponerende og ein lurar jo på om det er noko maksimal høgde på dette «huset». Samstundes blir det sagt at det ved eks oppfylling av kar, vil skje kortvarige uttak av store mengder ferskvatn. Vi les dette til at det som fort kan skje er at Sagelva og Hållåelva i slike «korte» tidsrom vil gå heilt tørr samt at Sagvikvatnet blir tappa langt ned (slik at eks lommane får problem). Dette då gjeldande

vassdragskonsesjon ikkje seier noko om minstevassføring (?). Slik vi les konsesjonsvilkåra frå 2012 då konsesjonen vart utvida frå tidlegare gjevne konsesjonar (2002 og 2007) har ein vel tidlegare opplevd nettopp dette og gitt «dispensasjonar» til desse avvika som naturen ikkje liker.

Utgangspunktet for vårt standpunkt knytt til uttak av vatn i desse vassdraga er at reguleringa må følgje standardvilkåra for ein konsesjon med den kunnskapen vi har i 2022. I dette ligg eit krav om minstevassføring i Sagelva og Hållåelva og at det ikkje skal skje ukontrollerte raske nedtappingar – alt anna er jo på tvert av all vår kunnskap, lovar og reglar og avtaler av nasjonal/internasjonale karakter.

Det blir i søknaden opplyst at NVE er tilskrevet om dette med vassmengdevurderingar utan at dei har svara enno. Vi føreset at NVE gjer denne vurderinga og seier noko om kva som skjer når anlegget no er tenkt auka vesentleg og kan svare på kor stort anlegget kan vere på denne lokaliteten utan at natur lir for mykje. Slik vi les dette krev denne søknaden om utvida produksjon på settefiskanlegget ein ny vurdering av NVE knytt til konsesjonsvilkåra for dei berørte vassdraga.

Vi les i søknaden at *«Et utvidet anlegg vil gi samfunnsmessige positive ringvirkninger, både ved trygging av arbeidsplassene, men særlig ved å øke smoltstørrelse til Mowi ASA Region Midt sine sjøanlegg. En større og mer robust settefisk vil gi redusert produksjonstid i sjø, redusert svinn, redusert tidsrom for lusepåslag og økt lønnsomhet. Anlegget vil også gi miljømessige positive ringvirkninger ved at det bygges i henhold til NS 9416, og at det benyttes best tilgjengelig teknologi for svært redusert vannbruk og best mulig rensing.»* Denne tankerekke er vel kort summert argumentasjonsrekke for å leggje oppdrettsnæringa på land og dei miljømessige fordelene ved dette?

Å unngå forureining og halde biomassen att på land samt unngå og spreie av sjukdommar er jo ein draum. Vi ser imidlertid at «realistisk» grad av reinsing av utsleppsvatnet er lavt, der det ideelle er full atthalding av næringsstoffa slik at ein unngår eutrofiering av havet. Mykje av avfallet går jo på sjøen og må fortynnast før det ikkje påverkar for mykje. Når ein aukar volumet til det doble, så kjem ein vel ut berre litt betre samanlikna med i dag. Dette er for låge mål. Vi forventer at ein nyttar den best tilgjengelege teknologien også ved reinsinga av utløpsvatnet før det går ut i naturen. Vi forventer at forureiningsmyndighetene sett vilkår ved produksjonen som nyttar den beste teknologien og ikkje lar søkjaren bestemme dette etter ei eiga vurdering.

Ideelt går jo forrestar og fiskeavføring til tørrstoff attende inn i karbonsyklusen (jorda). I berekningane i søknaden er det lagt opp til at anlegget skal oppnå ein TS-mengde i oppsamlet slam tilsvarende 10 % av nytta fôrmengde, dvs 3240 tonn slam med 810 tonn tørrstoff. I desse tider med høge gjødselsprisar er det høgst interessant å nyttiggjere seg dette. For oss er det uklart utfrå søknaden kor denne biomassa blir av. Vi saknar ei vurdering av korleis ein skal nyttiggjere seg denne biomassen, det vere seg bruk i landbruket eller til anna samfunnsnytte.

Vi les i dokumentasjonen at ein meiner resipienten tåler belastninga frå eit auka utslipp ut i Imarsundet. Ja, om ein ikkje overbelaster sundet går det jo bra. Men på lik line som dei fantastiske naturperlene Sålåsundet, Foldfjorden og Aursundet, er det jo begrensa vassutskifting som vi ikkje skal overbelaste. Imarsundet er jo ein av Nordmøres beste fiskeplassar, med varierende vatndjupner og mange fiskeslag, noko som må vernast mot forureining frå oppdrettsanlegg som på Nordheim.

Når det gjeld kost/nyttareknestykkjet ved flytting av oppdrettsnæring frå sjø til land, er vi sers usikker på faktoren energi. Vi finn sers lite i søknaden noko om dette. Det vi veit er at pumping av store vassmengde krev mykje energi. Og vi trur jo at til meir resirkulering ein har dess meir energi brukar



ein. Samstundes lever vi i ei tid der samfunnet seier at vi må produsere meir energi, noko som tyder på at alt nytt energiforbruk vil føre til inngrep i form av kraftproduksjon. Verknaden av dette må vere med i vurderinga. Viss energibruken tilsvarar produksjonen frå ein vindturbin, så er inngrepet av denne søknaden summen av oppdrettsanlegget og ein vindturbin, viss ingen har forslag til anna kraftproduksjon. Med nærmast dagleg fokus på det grønne skiftet og der all energibruk skal vurderast nøye jfr Støre si regjering forventar vi at dette blir fulgt opp. Det hadde vore fint om søkjaren kunne opplyst oss og samfunnet for øvrig kva energibruk som er knytt til denne spesifikke søknaden.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal



Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
NVE